



Møre og Romsdal fylke



Sunndal vidaregåande skole

Mål- og tiltaksplan

2007 - 2011

Utviklingsområde:

Elevdeltaking

Elevvurdering

Arbeidsmiljø og kompetanseutvikling

Heilskap og samanheng i den 13-årige grunnopplæringa

Val og bruk av læremiddel

Sosial og kulturell kompetanse



Utviklingsområde 1) Elevdeltaking

Mål:

Skolen skal sikre elevane deltaking i:

- eige læringsarbeid
- planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa

Delmål: Elevane skal minimum to gongar kvar termin trekkjast inn i vurdering av opplæringa i alle fag

Tiltak

Innhald:

Følgande skal vektleggast i møte mellom faglærer og elevane i faggruppa:

- Læringsarbeidet i forhold til læreplanen i faget
- Variasjon i læringsmetodar i faget
- Variasjon i vurderingsmetodar i faget

Organisering:

Minst to møte på 40 minutt kvar termin

Utviklingsområde 2) Elevvurdering

Mål:

Skolen skal:

- legge særleg vekt på elevvurdering som grunnlag for utvikling og meistring
- ha eit system for kontinuerleg undervegsvurdering med utgangspunkt i ei felles forståing for kompetansemåla i læreplanane for fag og kva meistringsnivå som er knytt til dei ulike karakterane

Delmål 1): Vidareutvikle ordninga med elevsamtale

Tiltak:

Innhald

Prøve ut ein eller to modellar for den forskriftsfesta (§ 4.5) samtalen mellom kontaktlærer og elev.

Organisering

Vurdere ein modell for yrkesfag og ein modell for studiespesialisering.

Minst ein samtale per elev per semester.

Delmål 2) Det profesjonelle tolkingsfellesskapet

Tiltak

Innhald

Drøfting av læreplanmål i dei ulike fagområda

Gjennom drøftingane skal innhaldet i læreplanmåla:

- 1) konkretiserast og tydeleggjerast
- 2) konkretiserast i forhold til fagleg nivå. (Kva måloppnåing skal til for å få dei ulike karakterane)

Organisering

Minst to møte på to klokketimar kvar termin mellom faglærarar i dei ulike fagområda

Utviklingsområde 3) Arbeidsmiljø og kompetanseutvikling

Mål:

Skolen skal:

- organisere opplæringsverksemda og gjennomføre kompetanseutviklingsarbeidet på ein slik måte at det pedagogiske personalet sine arbeidsvilkår og arbeidsmiljø blir fremja/teke i vare på ein god måte
- syte for at det pedagogiske personalet i det daglege arbeidet får lære av kvarandre gjennom samarbeid om planlegging, gjennomføring og vurdering av opplæringa og for utvikling av eigen og kollektiv pedagogisk praksis.
- legge til rette for deltaking i arbeid i faglege nettverk på fylkesnivå.
- legge til rette for fagleg kompetanseutvikling

Delmål: Kompetanseutvikling gjennom samarbeid mellom lærarar

Tiltak:

Innhald

Tema frå Mål- og tiltaksplanen.

Lokalt læreplanarbeid.

Oppfølging av nettverksarbeidet i fylket på seksjonsnivå. (Fagkontaktane i nettverka har eit særleg oppfølgingsansvar her).

Andre aktuelle tema.

Det blir laga eigen plan for innhaldet per termin.

Organisering

Eitt møte kvar månad. Felles møtetid for alle lærarane. Tidsramme: Måndagar 14.45 – 16.45. Møte i plenum, avdeling eller seksjonar.

Utviklingsområde 4) Heilskap og samanheng i den 13-årige grunnopplæringa

Mål:

Skolen skal:

- ha eit system for samarbeid med ungdomsskolen gjennom programfag til val
- nytte karriererettleiing som eit viktig element i arbeidet med å støtte elevane i si «ferd» gjennom grunnopplæringa og over i vidare utdanning og yrke.

Delmål 1): Programfag til val

Innhald

Etablere samarbeid med dei to grunnskolane i Nesset om programfag til val på yrkesfag og på studiespesialiserande fag.

Organisering

Avdelingsleiarane koordinerer arbeidet i samarbeid med seksjonskontaktane.

Delmål 2): Karriererettleiing

Tiltak

Innhald

Prøve ut karriererettleiing for vg1 ut frå den modellen Møre og Romsdal fylke har i karriererettleiingsprosjektet.

Organisering

Rådgivar koordinerar arbeidet i samarbeid med avdelingsleiarar og seksjonskontaktar.

Utviklingsområde 5) Val og bruk av læremiddel

Mål:

Skolen skal:

kunne grunngje sine val og bruk av læremiddel ut frå læreplanane for fag og omsynet til kravet om tilpassa opplæring.

Delmål: Bruk av IKT i læringsarbeidet

Tiltak:

Innhald

Korleis kan bruk av IKT gi fagleg og pedagogisk meirverdi ut frå læreplanar i ulike fag?

Bruk av fagnettstadar i ulike fag.

Bruk av IKT til meir enn informasjonsinnhentar og skrivemaskin.

Bruk av Classfronter til innlevering og fleirvalsprøver

Organisering

Eiga prosjektgruppe leia av rektor

Deltaking i «Lærande nettverk».

Samarbeid med Rauma vgs

Utviklingsområde 6) Sosial- og kulturell kompetanse

Mål:

Skolen skal:

- motverke framandfrykt og rasisme

Delmål: Auka kunnskap om andre kulturar og folkeslag. Vise eigne elevar verknader av rasisme

Tiltak:

Innhald

Andre kulturar og folkeslag i sunndalssamfunnet

Nazismen

Kontakt med og besøk til elevar i Tyskland og Frankrike

Organisering

Internasjonal veke

Reise med «Hvite busser» for elevar på vk2 AF

Etablere kontakt med skolar i Tyskland og Frankrike